

postmottak@kud.dep.no

Vår ref. KG 2012 017

Bergen 16.08.12

## HØYRING – UTKAST TIL LOV OM NORSK KULTURRÅD

LLP takkar for mulegheita til å levere innspel til Lov om Norsk Kulturråd.

Nytt frå januar 2011 var at Kulturrådet fekk ansvar for dei utviklingsoppgåvene på arkivfeltet som tidlegare var organisert i ABM-utvikling. Med dette får den nye lova om Norsk Kulturråd viktige konsekvensar for arkivfaget si utvikling i framtida.

LLP er glade for at arkiv- og museumssektoren framleis er samla under eitt uavhengig organ. Sektorane har store og viktige felles utfordringar; særleg når det gjeld bevaring av privatarkiv, digitalisering, og formidling.

Me kan likevel ikkje sjå at lovteksten tek omsyn til omorganiseringa som fann stad ved inngangen til 2011, og vil peike på at dette fører til uklårheit om kva som no er Kulturrådet sine oppgåver og mandat på arkivfeltet. Særleg ynskjer me å peike på viktigheita ved at ansvaret for utviklingsoppgåvene på arkivfeltet vert halde samla, inkludert arkivdanningsfeltet. Lovteksten, slik den no er formulert, vil etter vårt syn auke uklårheita som no pregar arkivmiljøet, og forverre situasjonen.

LLP ser med bekymring på konsekvensane av at dei oppgåvene som no er definert i lovforslaget ikkje tek omsyn til arkivfaget i si heilskapelege breidde. Arkivmiljøet har dei siste åra vore prega av ein diskusjon om kva organisatorisk og departementalt tilhøyre som på best mogeleg måte vil ivareta arkivoppgåvene i framtida. Partar i debatten argumenterer for ei deling av arkivansvaret der dei kulturelle og forvaltningsmessige oppgåvene vert skilt mellom Kulturdepartementet og Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet. LLP vil sterkt fråå ei slik utvikling.

Arkivfaget har viktige oppgåver knyta både til kulturarv og til forvaltning. Etter vårt syn fordrar dette ikkje til å dele arkivansvaret mellom fleire departement, men tvert imot til å legge til rette for eit sterkt fagmiljø som kan bidra til å bevare og formidle breidda i samfunnet sine arkiv og til å kunne formidle den kontekstuelle samanhengen mellom desse.

Me vil og understreke at den organisasjonsmessige forankringa for arkivfeltet bør leggje til rette for varige driftsmidlar for arkivsektoren. Det har no kome i gang ei støtteordning for privatarkiv som LLP er glade for. Beløpa som vert løyvd er likevel altfor låge i forhold til behovet og til ei kvar tid står viktige privatarkiv i fare for å gå tapt.

LLP forventar at ein her har fokus på langsiktige støtteordningar til privatarkiv, jf. lovens formålsparagraf der det står at «Norsk kulturråd har som formål å stimulere samtidas

mangfoldige kunst- og kulturuttrykk og bidra til at kunst og kultur blir bevart, dokumentert og gjort tilgjengelig for flest mulig.» Dette vil blant anna måtte medføre ei satsing på bevaring av arkiv på alle nivå, og i ei dannelses- og ordningsfase. For å kunne lukkast med dette, er det naudsynt med midlar, særleg til *drift*. I tillegg må det til eit løft i forhold til finansiering av *digitalisering*, slik at meir arkivmateriale skal kunne nå ut til flest moglege.

### **Om LLP**

*Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP) er en medlemsorganisasjon for institusjoner og enkeltpersoner som arbeider med vern og formidling av kommune- og privatarkiv, eller som er opptatt av arkivspørsmål. Medlemmene i LLP er arkivinstitusjoner, museum, kommuner, bibliotek, historielag og privatbedrifter, og flere av arkivverket sine institusjoner. LLP har også personlige og assosierte medlemmer.*

Med venleg helsing



Karin Gjelsten  
Styreleiar LLP

Landslaget for lokal- og privatarkiv  
Sekretariat:  
c/o Bergen byarkiv  
Bergen kommune  
Postboks 7700  
5020 Bergen

E. post: [postmottak@llp.no](mailto:postmottak@llp.no) [www.llp.no](http://www.llp.no)  
Organisasjonsnummer: 978 610 692

Styreleder

Karin Gjelsten  
Bergen byarkiv  
55 56 61 84

e-post: [Karin.Gjelsten@bergen.kommune.no](mailto:Karin.Gjelsten@bergen.kommune.no)